

**BJØRNA  
FJØRDEN**



# **Budsjett 2023 Økonomiplan 2023-26**

*Endelig pr 15.12.22*



**Fremskrittspartiet**



**Uavhengig Magne Djuvik**

## 1. Innleiing

Fremskrittspartiet, Høgre, KrF og uavhengig representant Magne Djuvik legg med dette fram alternativt Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26 for Bjørnafjorden kommune.

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i kommunedirektøren sitt samla budsjettdokument lagt fram 03.11.22 via portalen Framsikt. Der FrP/H/KrF/Uavh. har endringsframlegg eller føringar i høve kommunedirektørens budsjettdokument er dette kommentert nærare under.

Bjørnafjorden kommune står overfor ein alvorleg økonomisk situasjon. Det er ubalanse mellom løpande driftsinntekter og -utgifter. Over tid er dette ikkje berekraftig - kostnadane må ned. Vi må kort og godt ta fram det gamle, og kloke, ordtaket om å «setja tæring etter næring».

Dette krev fokus i heile organisasjonen, og konstruktivt samarbeid mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde. Vi må syne både vilje og evne til endring, - og til prioritering. Det blir krevjande, men vi har alle moglegheiter til å lukkast om vi jobbar godt saman.

Oppsparte fondsmidlar gjev oss også rom til å tilpasse drifta over nokre år, slik at konsekvensane for innbyggjarar og tilsette vert redusert. Men konsekvensar vert det, og dette må kommuniserast tydeleg både internt i den kommunale organisasjonen og ut til innbyggjarane.

FrP/H/KrF/Uavh tek med dette budsjettframlegget ansvar i den krevjande situasjonen kommunen har hamna i.

Vi legg difor fram eit svært nøkternt Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26, der det er ikkje funne rom for vesentlege nye satsingar.

Våre hovudgrep er:

- Stø opp under kommunedirektøren sine hovudgrep for å skapa balanse mellom driftsutgifter og -inntekter i løpet av økonomiplanperioden
- Sterkare kostnadskontroll og meir detaljert rapportering til politisk nivå
- Følgja opp kommunestyrets vedtak 03.11.22 knytt til Prosjekt Økonomisk handlefridom (ØKHAN)
- Følgja opp konsulentrapportar med mogelege effektiviseringstiltak (PWC-rapportar) ut frå kost/nytte tilnærming
- Setja ei øvre ramme for investeringstiltak i økonomiplanperioden
- Ikkje innføring av eigedomsskatt

Trass i eit svært stramt budsjett legg FrP/H/KrF/Uavh. til grunn at kommunen framleis vil kunna levera gode tenester til innbyggjarane i Bjørnafjorden med eit driftsbudsjett på nær 2,2 mrd kr og investeringar for 240 mill kr i 2023.

## 2. Overordna perspektiv

## 2.1 Kommunedirektørens framlegg

Kommunedirektøren har i sitt budsjettframlegg synt til ein ubalanse i drifta på om lag 165 mill kr, og at det er tre tilhøve som må handterast i økonomiplanperioden;

- Driftsøkonomien til Bjørnafjorden kommune er ved utgangen av 2022 i ubalanse. Tenesteområda har i år vesentlege budsjettoverskridingar i høve budsjettet for 2022, og deler av meirforbruket dreg organisasjon med seg inn i 2023. Meirforbruket i 2022 er estimert til 65 mill kr (utanom ekstraordinære koronakostnader).
- Prosjekt Økonomisk handlefridom har skissert kostnadsreduserande tiltak for 25 mill kr i 2023 og 50 mill kr i 2024. Desse tiltaka må realiserast dei første to åra i planperioden.
- I tillegg har kommunen ei utfordring på om lag 50 mill kr for å få driftsbudsjettet i 2023 i balanse.

For å balansera driftsbudsjettet har kommunedirektøren auka bruken av premiefond knytt til tenestepensjonsordninga i kommunen. Premiefondet er vesentleg auka dei siste åra, m.a. gjennom frigjering av bufferfond ved overgangen frå KLP til Storebrand frå 2022. Samla bruk av premiefond i økonomiplanperioden er på 193 mill kr, dvs. i storleik +/- 50 mill kr pr år. Ved utgangen av økonomiplanperioden (31.12.26) vil premiefondet vera redusert frå dagens nivå på 265 mill kr til 71,6 mill kr.

I investeringsbudsjettet legg kommunedirektøren opp til gradvis reduksjon av investeringane utover i økonomiplanperioden, frå 238,5 mill kr i 2023 til 109 mill kr i 2026. I tillegg har kommunedirektøren utfordra det politiske miljø i høve å setja ei økonomisk ramme for årlege investeringar.

## 2.2 FrP/H/KrF/Uavh.'s framlegg

Bjørnafjorden kommune er i ein alvorlig økonomisk situasjon. B22-prosjektet har tatt ut noko synergieffektar etter kommunesamanslåinga, men framleis er det behov for å betra balansen mellom løpande inntekter og utgifter i storleik 150 mill pr år. Dette vart også konstatert i budsjettframlegget frå FrP/H/Uavh. for 2022.

FrP/H/KrF/Uavh. kan ikkje gå for innføring av eigedomsskatt. Å auka kostnadane for hushaldingar og bedrifter er ikkje aktuelt, og spesielt ikkje no i ei tid der kostnadane aukar på alle område.

På lang sikt er det heller ikkje økonomisk berekraftig å trekkja på oppsparte fond. Ein sunn kommuneøkonomi må basera seg på at løpande inntekter over tid er høgare enn utgiftene. Frå nasjonalt hald vert det vist til at kommunane bør ha eit netto driftsresultat (overskot) på 1,75% av driftsinntektene.

FrP/H/KrF/Uavh. stør derfor kommunedirektøren i dei tre hovudgrepa som ligg i hans budsjettframlegg;

1. Meirforbruket på dei ulike tenestoområda i 2022-budsjettet må vekk (ca 65 mill kr)
2. Tiltaka i Prosjekt Økonomisk handlefridom må realiserast (25 mill kr i 2023, 50 mill kr i 2024)
3. Ytterlegare nedtrekk må realiserast i økonomiplanperioden 2023-26 (ca 50 mill kr)

Vi legg til grunn at pkt. 1 må realiserast gjennom betre budsjettdisiplin gjennom 2023, samt tiltak knytt til dei bestilte rapportane frå PWC. Pkt. 2 vedr. Prosjekt Økonomisk handlefridom må gjennomførast i tråd med vedtak i kommunestyret 03.11.22, inkludert 12-punktlista. Pkt. 3 må i all hovudsak følgjast opp basert på framlegg til tiltak i PWC-rapportane.

### Budsjettstyring og -rapportering

Generelt må økonomioppfølging og -rapportering få særskilt fokus på *alle* leiarnivå i organisasjonen. Dette gjeld også på politisk nivå.

FrP/H/KrF/Uavh. meiner formannskapet må ta ein tydelegare rolle i budsjettoppfølginga enn kva som har vore gjeldande hittil i valperioden. Økonomirapporteringa må skje hyppigare, og på eit meir detaljert nivå.

FrP/H/KrF/Uavh. ber difor om fylgjande rapportering for budsjettåret 2023;

- Formannskapet skal få seg førelagt økonomirapportar for kvar månad så snart desse er klare
- Rapportane må detaljerast på einingsnivå m/periodisert budsjett, forbruk og prognose
- Ved evt. meirforbruk skal det leggjast fram forslag til tiltak for å halda budsjettammene

Om naudsynt må det setjast opp ekstramøte i formannskapet for å handsama rekneskapsrapportane. Desse «økonomimøta» kan også nyttast til å handsama oppfølging av PWC-rapportane på dei ulike tenestoområda, samt realisering av tiltak knytt til ØKHAN-prosjektet.

FrP/H/KrF/Uavh. ynskjer eit tett trepartsamarbeid mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde for å løysa økonomiutfordringa til kommunen. Dette krev at formannskapet har tilstrekkeleg tid til å gå inn i dei konkrete tiltaka, og vi ber om at møteplanen vert tilpassa dette.

Vi vonar at alle parti i kommunestyret vil slutta seg til ein slik endring i økonomirapporteringa, og fremjar difor dette tiltaket også som eit eige verbalforslag for separat votering ved endeleg handsaming av budsjettet i kommunestyret.

### Oppfølging av Prosjekt Økonomisk handlefridom (ØKHAN)

Kommunestyrets vedtak med tilrådde tiltak, inkludert punkta 1-12 må følgjast opp av administrasjonen. Der det er føremålstenleg oppmodar vi administrasjon om å setje ned eigne delprosjekt for oppfølging, t.d. pkt 7 om arealeffektivisering, pkt 9 om sal av eigedom og pkt 10 om konkurranse.

Rapportering knytt til ØKHAN skjer fortløpande til formannskapet.

### PWC-rapportane

FrP/H/KrF/Uavh. ber om at kommunedirektøren legg opp til ei effektiv gjennomføring av aktuelle tiltak knytt til PWC-rapportane for tenesteområda Helse og velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling. Tiltak må drøftast med dei tillitsvalde, konsekvensvurderast og fremjast for politisk handsaming i formannskapet og/eller kommunestyret. For vidare utvikling av kommunen er det avgjerande at gjennomføring av naudsynte tiltak ikkje dreg ut i tid.

Politisk må ein gjennom 2023 vurdera alle aktuelle tiltak i høve kost/nytte, samt kort- og langsiktig effekt på tenestetilbodet til innbyggjarane. Til dømes må dimensjonen førebygging vs reperasjon vurderast.

Eit eksempel på dette er MOT som førebyggjande tiltak for ungdommane våre.

FrP/H/KrF/Uavh. ynskjer difor at MOT vert liggjande i budsjettet, slik at ein kan vurdera dette tiltaket opp mot andre forslag til kostnadsreduksjonar når PWC-rapporten for Oppvekst området kjem til politisk handsaming.

### Utvikling i tal årsverk

Kommunal tenesteyting er personellintensiv. Ein stor del av driftskostnadene er derfor knytt til årsverk i organisasjonen. Innbyggjarar/kommunalt årsverk er difor eit godt overordna målekriterium på kor effektiv den samla kommunale organisasjonen er. Det vil sei kor mange innbyggjarar vi klarar å betena pr. kommunalt årsverk.

Frå 2020 til 2021 såg vi at utviklinga i måtalet var negativ. I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2022 vart det slått fast at denne trenden måtte snuast. Gjennom Bjørnafjorden22-prosjektet var også prognosen at ein skulle fjerna 59 årsverk i løpet av 2021 og 2022, inkludert vikarbruk og innleige i Helse og velferd. Førebelse tal på årsverk i 2.tertialrapport 2022 tyder på at ein er langt unna dette målet når ein ser organisasjonen under eitt. Reduksjon i årsverk i deler av organisasjonen vert motverka av auke i årsverk i andre deler av organisasjonen.

Årstal	2020	2021	2022	2022	2022
Rapporteringstids- punkt:	31/12/20	31/12/21	1. tertial 30/4/22	2.tertial 31/8/22	3.tertial 31/12/22
<b>Faste årsverk</b>	1417,64	1434,45	1420,93	1474,74	
<b>Innbyggjarar</b>	25049	25213	25213	25416	
<b>Innbyggjarar pr årsverk</b>	17,7	17,6	17,7	17,23	

Vi registrerer at administrasjonen meiner det er usikkerhet knytt til rapportering av årsverk gjennom budsjettåret, og vi ser fram til å få endelege tal for 2022. I tillegg varslar administrasjonen at kommunen frå 1.tertial vil ta i bruk nytt verktøy for å følgja årsverksutviklinga. Det er viktig at vi får på plass ei konsistent rapportering på same datoar over tid, slik at både administrativ leiing og politikarane kan følgja utviklinga i høve folketalsutviklinga.

Vi ser også med stor uro på informasjonen om at kommunen dei siste åra har tapsført store summar på manglande refusjonar frå NAV knytt til sjukefråværet. Dette er inntekter vi ikkje har råd til å mista, og vi ber om at formannskapet vert oppdater om korleis forbetningsarbeidet på dette området utviklar seg.

Vidare ber vi om at eit stillingsbudsjett vert eit sentralt styringsdokument i det vidare arbeidet for å skapa balanse i driftsbudsjettet.

Vi legg også til grunn kommunedirektøren si forståing om at føringar i tidlegare intensjonsavtale knytt til samanslåing av Os og Fusa no er erstatta av *Samfunnsplanen for Bjørnafjorden kommune*. Dette gjeld mellom anna føringa om at ingen arbeidstakarar skulle seiast opp som direkte følgje av kommunesamanslåinga.

Proessen med å skapa balanse i driftsbudsjettet vil truleg resultera i at einiske einingar/fagområde får overtalige medarbeidarar. I ein stor organisasjon som kommunen kan mykje løysast gjennom naturleg og frivillig avgang. I tillegg kan overføring til anna eining i nokre tilfelle vera aktuelt, men dette er ikkje alltid ei optimal løysing korkje for medarbeidaren eller organisasjonen.

Ein kan heller ikkje utelukka at kommunen i den vidare prosessen kjem i ein situasjon der oppseiingar er naudsynt. Vi syner difor til tidlegare politiske saker om sentral stillingskontroll, gåvpensjon og sluttpakkar. I perioden 2020-22 har desse tiltaka berre vore nytta i avgransa omfang. I følgje administrasjonen er tala p.t. 20 stillingar tatt inn gjennom sentral stillingskontroll, 9 sluttpakkar og 4 gåvpensjonar.

FrP/H/KrF/Uavh ber difor kommunedirektøren komma attende til politisk nivå dersom det er naudsynt med endringar i rammeverket for frivillig avgang eller køyrereglar for ytterlegare nedbemanning.

Vår samla saldering av driftsbudsjettet går fram av tabell 1 i avsnitt 3.3.

I investeringsbudsjettet gjer FrP/H/KrF/Uavh. berre mindre endringar. Vi følgjer også opp kommunedirektøren si utfordring til politikarane ved å setja er årleg ramme for lånefinansierte investeringar. Vår vurdering er at vekstkommunen Bjørnafjorden bør ha noko fleksibilitet framover, men at ein maksimalt bør låna 100 mill kr pr år til ordinære investeringar. I tillegg kjem investeringar til sjølvkostområda vatn og avløp.

### 3. Driftsbudsjett 2023-26

#### 3.1 Driftsinntekter

FrP/H/KrF/Uavh. legg i hovudsak kommunedirektøren sine anslag for rammetilskot, skatteinngang, Havbruksfond, utbytte, gebyrinntekter o.l. til grunn i dette alternative budsjettet.

I tillegg vidarefører vi strategien frå vedteken Økonomiplan 2022-25 der ein la til grunn at ein demografivekst i kommunen på om lag 160 innbyggjarar pr år vil gje 10 mill kr i auka skatteinngang/rammetilskot kvart år. Vi vidarefører også forventninga om 5 mill kr pr år i

auka frie inntektene til kommunen ut over kompensasjon for demografi, løn og prisvekst i økonomiplanperioden, ref. Hurdals-erklæringa. Samla gjer dette 15 mill kr i ekstra inntekter i 2026. Ein føresetnad for at dette gjer ein reell styrking av budsjettbalansen er at kommunen i all hovudsak evnar å betena de nye innbyggjarane med same bemanning og kostnadsnivå som i dag.

Partia legg i tråd med etablert praksis ikkje opp til å budsjettera med avkastning frå finansporteføljen i økonomiplanperioden.

### 3.2 Driftsutgifter

Med den økonomiske utfordringa som Bjørnafjorden kommune står ovanfor, er dette ikkje tida for å lansera nye tiltak med varig driftskonsekvens. Tvert i mot må driftskostnadane i kommunen reduserast ytterlegare.

Fordeling av kostnadskutta på dei ulike tenestoområda for åra 2024-26 må ein rullera i dei kommande budsjettprosessane basert på dei tiltaka som vert realisert knytt til ØKHAN og PWC-rapportane.

Vi reduserer også ramma for Helse og velferd med 7 mill kr i 2023 da dette beløpet ligg inne til drift av nytt Bufelleskap Søfteland allereie i 2023. Driftstiltaket vart lagt inn i vedteken Økonomiplan 2021-24, men byggeprosjektet vert truleg ikkje ferdigstilt for drift før ved årskiftet 2023/24.

Vidare opprettheld vi inntil vidare satsinga på MOT som førebyggjande tiltak overfor ungdommane våre. Tiltaket skal vurderast på nytt når PWC-rapporten for Oppvekst området ligg føre. MOT er eit universelt førebyggjande tiltak, som alle elevar i ungdomsskulen i Bjørnafjorden kommune får. Forsking dokumenterer positiv effekt av tiltaket. Skular som følgjer MOT-programma opplever mindre mobbing, færre ungdommar utan ein einaste ven, færre psykiske vanskar og mindre rusmisbruk. Tiltaket vert ført opp med kr 600 000 i 2023 og 1,2 mill kr pr år i resten av økonomiperioden.

Trass i krevjande økonomi dei kommande åra legg FrP/H/KrF/Uavh. til grunn at arbeidet med å utvikla kommunesenteret Osøyro og kommunedelsenteret Eikelandsosen held fram. Potensialet til vidare vekst og utvikling er stort i lys av opninga av E39 Svevatjørn-Rådal. Spesielt gjeld dette bustadutvikling, næringsetableringar og oppgradering av Os Hamn. Rapporten som for nokre år sidan vart utarbeid for vidare utvikling av Os Hamn er framleis relevant.

Frp/H/KrF/Uavh meiner det også er viktig å ta vare på den kristne kulturarven. Eit viktig tiltak er at barn- og unge får tilbod om å delta i skulegudsteneste ved dei kristne høgtidene. I høve skyss til og frå gudsteneste må kommunen freista å henta ut mogleg medfinansiering gjennom Miljøløftet, ref. ordning i Bergen kommune.

### 3.3 Oversikt drift – FrP/H/KrF/Uavh sitt framlegg

Nedanfor følgjer FrP/H/KrF/Uavh. sitt framlegg til driftsbudsjett 2023-25;



	2023	2024	2025	2026
Skatt på inntekt og formue	-884 043 000	-898 043 000	-908 043 000	-918 043 000
Ordinært rammetilskudd	-799 696 000	-809 496 000	-814 496 000	-819 496 000
Skatt på eiendom	0	0	0	0
Andre generelle statstilskot	-56 428 000	-39 568 000	-28 946 000	-28 832 000
<b>Sum Generelle inntekter</b>	<b>-1 740 167 000</b>	<b>-1 747 107 000</b>	<b>-1 751 485 000</b>	<b>-1 766 371 000</b>
Sektor Fellesområde	- 3 272 000	12 161 000	20 789 000	23 756 000
Sektor Stab	54 849 000	54 549 000	54 549 000	54 549 000
Sektor Oppvekst	746 124 000	717 191 000	715 386 000	715 386 000
Sektor Helse og velferd	665 135 000	666 789 000	666 789 000	666 789 000
Sektor Samfunnsutvikling	60 703 000	53 834 000	49 602 000	47 872 000
<b>Sum Driftsutgifter per tenestoområde</b>	<b>1 523 539 000</b>	<b>1 504 524 000</b>	<b>1 507 115 000</b>	<b>1 508 352 000</b>
Avskrivninger	111 865 000	113 811 000	115 974 000	115 974 000
<b>Brutto resultat</b>	<b>-104 763 000</b>	<b>-128 772 000</b>	<b>-128 396 000</b>	<b>-142 045 000</b>
Renteinntekter og utbytte	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	119 000 000	124 756 000	125 009 000	123 617 000
Avdrag på lån	107 661 000	109 484 000	110 999 000	111 040 000
Netto kalkulatoriske poster (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Netto kalkulatoriske renter (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Finansutgifter i tenestoområda	0	0	0	0
<b>Sum Netto finansutgifter og inntekter</b>	<b>216 661 000</b>	<b>224 240 000</b>	<b>226 008 000</b>	<b>224 657 000</b>
Motpost avskrivningar i tenestoområda	- 111 865 000	- 113 811 000	- 115 974 000	- 115 974 000
<b>Netto resultat</b>	<b>33 000</b>	<b>-18 343 000</b>	<b>-18 362 000</b>	<b>-33 362 000</b>
Til ubundne avsetninger	22 467 000	17 343 000	17 362 000	32 362 000
Bruk av ubundne avsetninger	-23 500 000	0	0	0
Overført til investering	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar	0	0	0	0
<b>Sum Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar</b>	<b>-33 000</b>	<b>18 343 000</b>	<b>18 362 000</b>	<b>33 362 000</b>
Årsoverskot / underskot	0	0	0	0

Tabell 1. Saldering av Driftsbudsjett 2023-26

## 4 Investeringsbudsjett 2023-26

FrP/H/KrF/Uavh. syner til kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett, og sluttar seg i hovudsak til prioriteringa av dei ulike investeringsprosjekta.

Vi fremjar i tillegg følgjande endringar / merknader;

### a). Prosjekt Ombygging Kommunesetnet

Før kommunen set i gong eit ombyggingsprosjekt på Kommunesetnet i Eikelandssosen må det leggjast fram ei politisk sak der ein ser potensialet i Kommunesetnet i samanheng med areala vi m.a. leiger på langtidskontrakt i Fjord'n Senter. Samla leiger kommunen i dag nær 2 700 kvm til ein årskostnad på ca 3,5 mill kr i Eikelandssosen. Berre ein mindre del av areala vert nytta i den kommunale tenesteproduksjonen. Saka må vurderer kommunen sitt framtidige arealbehov i Eikelandssosen, alternativ utnytting av Kommunesetnet, potensiale for framleige av areal og totale kapital- og driftskostnader med dei ulike alternativa.



b). Rammeløyving avlaupsprosjekt og vassprosjekt

FrP/H/KrF/Uavh. reduserer rammeløyvingane til avlaups- og vassprosjekt til samla 60 mill pr år. Dette vil på sikt bidra til å redusere vass- og avlaupsgebyra i kommunen. I tillegg ber FrP/H/KrF/Uavh. om at formannskapet får detaljert rapportering på prosjektnivå for desse rammeløyvingane.

c.) Statstilskot Bufellesskap Søfteland

I tråd med statstilskot frå Husbanken til nytt bufellesskap på Søfteland legg vi inn 10 mill kr i ekstern finansiering til prosjektet i 2024.

Samla reduserer dette låneopptaka i økonomiplanperioden med 80 mill kr. Samla oversikt investeringar, inkl. endringar følgjer i tabellen under.

Prosjekt   Prosjekt	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
2020 Klasesett PC	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
2300 Jettegryto barnehage	22 000 000	0	0	0
2596 Lunde barneskule - opprusting	0	0	0	0
2000 Hjelpemiddellager/base heimetenester	40 000 000	18 000 000	0	
2010 Bufelleskap	35 000 000	15 000 000	0	0
3000 Velferdsteknologi	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
6022 Kjøp av utleigebustader	9 000 000	6 000 000		
3810 Microhus	4 000 000	0	0	0
4091 Flaumsikring Langedalsvatnet		0		500 000
4090 Flaumsikring Strandvik			1 500 000	2 500 000
6020 Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
6030 Prosjektering utbyggingsområder	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6040 Uteområde skular/barnehagar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6100 Ombygging kommunale bygg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
5000 Ombygging Kommunetunet	0	0	0	0
7230 Kommunal infrastruktur	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
7220 Industrikai Eikelandssosen	4 000 000	4 000 000	0	0
7244 Kommunal veg Revsåsen	10 000 000	8 300 000	3 000 000	0
7271 Vegkryss Steinneset	0	0	0	500 000
7281 Bru over Oselva	0			1 000 000
7270 Tiltak i trafikkisikringsplan	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
7500 Rullande materiell	2 500 000	7 500 000	2 500 000	2 500 000
<b>Delsum ordinære prosjekt</b>	<b>147 500 000</b>	<b>79 800 000</b>	<b>28 000 000</b>	<b>28 000 000</b>
<b>Prosjekt</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>
9000 Avlaupsprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
8110 VA anlegg ny veg Åsen	10 000 000	20 000 000	10 000 000	0
8000 Vasssprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
<b>Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt</b>	<b>70 000 000</b>	<b>80 000 000</b>	<b>70 000 000</b>	<b>60 000 000</b>
<b>Sum investeringer</b>	<b>217 500 000</b>	<b>159 800 000</b>	<b>98 000 000</b>	<b>88 000 000</b>
	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>
1170 Egenkapitalinnskott KLP	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
1000 Utlån startlån Husbanken	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
1000 Avdrag startlån	10 500 000	11 000 000	11 500 000	12 000 000
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>289 000 000</b>	<b>231 800 000</b>	<b>170 500 000</b>	<b>161 000 000</b>
<b>Finansiering:</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>
9999 Låneopptak investeringar	-139 300 000	-134 100 000	-91 400 000	-80 800 000
9999 Bruk av unyttta lån	-50 000 000	0	0	0
1000 Innlån Husbanken	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000
1000 Mottatte avdrag på utlån	-10 500 000	-11 000 000	-11 500 000	-12 000 000
9999 Mva kompensasjon	-23 700 000	-12 700 000	-4 600 000	-5 200 000
9999 Sal av tomter				
9999 Sal av utleigebustader	-4 500 000	-3 000 000		
9999 Tilskott/refusjon frå private	0		-2 000 000	-2 000 000
9999 Tilskott frå Husbanken	0	-10 000 000		
9999 Tilskott frå fylkeskommunen				
9999 Tilskott frå staten				
9999 Overført frå driftsbudsjettet	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>-289 000 000</b>	<b>-231 800 000</b>	<b>-170 500 000</b>	<b>-161 000 000</b>
<b>Udekket finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

FrP/H/KrF/Uavh. ynskjer også å setja eit framtidig tak på samla lånefinansierte investeringar på 100 mill kr pr år eksklusiv sjølvkostområda for vatn og avløp.

Med stramme lånerammer er det avgjerande at alle prosjekt held investeringsrammene, og at alle prosjekt er godt utgreidd før vedtak og realisering. Før endeleg realisering må det liggja føre kostnadsramme av høg kvalitet, t.d. på P85. Det vil sei at det er meir enn 85% sansyn for at investeringsramma held. I tillegg må det for alle nye større investeringstiltak liggja føre gode estimat for auka driftskostnader som følgje av prosjekta.

Utvikling og sal av eigedom gjer også potensiale for nye investeringar eller nedbetaling av gjeld. Bjørnafjorden kommune sit i dag på ei rekkje eigedommar med potensiale for sal. Realisering av desse verdiane krev fokus og kompetanse i organisasjonen, og FrP/H/KrF/Uavh ber kommunedirektøren om å komma attende til formannskapet med framlegg til korleis ein best kan organisera dette arbeidet framover.

Vi ber vidare om at det vert fremja politiske saker i 2023 på følgjande tema;

- kontraktsstrategiar for framtidige større investeringsprosjekt (funksjonskontraktar, totalentreprisar/delte entreprisar osv.)
- om dei økonomiske rammene for større einskildprosjekt kan fremjast unntatt offentlegheit, og at berre samla investeringsrammer for t.d. bygg og infrastruktur vert synleg for marknaden (porteføljestyring)

## 5. Betalingsattsar, avgifter, gebyr

FrP/H/KrF/Uavh. innfører ikkje eigedomsskatt i Bjørnafjorden kommune.

Reduksjon av investeringsnivået på vass- og avløpsprosjekt vil over tid redusera gebyrnivået på desse tenestene. Ut over dette gjer ikkje FrP/H/KrF/Uavh. endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til betalingsattsar, avgifter og gebyr.

## 6. Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP/H/KrF/Uavh. ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26 i kommunestyret.

### 6.1 Parkeringsløysing Osøyro

Trass i opning av Giskavollen parkering opplever ein framleis parkeringsutfordringar på Osøyro. Dette er spesielt knytt til Brugata og resten av sentrumsområdet. Sak om skiltplan og parkeringsløysing m/handheving av tidsavgrensa parkering ser ut til å ha stoppa opp. Vi ber difor om at dette arbeidet vert intensivert i 2023.

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber administrasjon om snarleg å utarbeida ein sak som tek opp i seg kor det kan regulerast for vilkårsarkering handheva av private, samt områder for parkering langs offentleg veg. Saka må gje eit fullstendig grunnlag for utarbeiding av ny skiltplan i sentrum.

Kva system som kan nyttast for handheving og kostnad knytt til evt omregulering av områder for privat handheving av vilkårsparkering må komme fram i saka.

## 6.2 Vegvedlikehald

Med stramme rammer for vegvedlikehald er det viktig med tydelege prioriteringar. Det bør difor utarbeidast tydelege prioriteringslister basert på Hovudplan veg.

### Framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i Hovudplan veg ber kommunestyret om at administrasjonen legg fram ei prioriteringsliste over dei vegstrekk som treng snarleg utbetring. Lista må innehalde grunngeving for prioritering og estimert kostnad for tiltaka.

## 6.3 Økonomisk rapportering

Kommunen skal gjennom økonomiplanperioden skapa balanse mellom varige driftsinntekter og -utgifter. Dette krev auka økonomifokus i heile organisasjonen, også på politisk nivå. Formannskapet må ta ein tydelegare rolle i budsjettoppfølginga, og rapporteringa må skje hyppigare og meir detaljert.

Formannskapet må også følgje opp tiltaka knytt til Prosjekt Økonomisk handlefridom (ØKHAN), samt gå grundig inn i PWC-rapportane knytt til tenestemråda Helse og velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling.

Om naudsynt må formannskapet møtast hyppigare for å følgja opp økonomien til kommunen.

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om fylgjande økonomirapportering til formannskapet frå og med budsjettåret 2023;

- Formannskapet skal få seg førelagt økonomirapportar for kvar månad så snart desse er klare
- Rapportane må detaljerast på einingsnivå m/periodisert budsjett, forbruk og prognose
- Ved evt. meirforbruk skal det leggjast fram forslag til tiltak for å halda budsjetttrammene
- Arbeid med tiltaka i Prosjekt Økonomisk handlefridom (ØKHAN) rapporterast fortløpande til formannskapet
- Formannskapet må gå grundig inn i PWC-rapportane knytt til tenestemråda Helse og velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling.

## 6.4 Fjellheim

Adhocutvalet for Fjellheim fekk i k.styresak 129/21 mandat til å arbeida med potensiell utleige av Fjellheim, herunder inngå leigeavtale med potensiell aktør. Dersom utleige medførte investeringar for kommunen skulle saka opp att til politisk handsaming.

Kommunestyret legg til grunn at ein eventuell avtale uansett vil binda opp kommunen i fleire år, og ber om at evt. avtale om utleige/disponering av Fjellheim vert fremja for politisk handsaming i formannskap/kommunestyre før signering.

### Framlegg til vedtak:

Avtale om utleige/disponering av Fjellheim skal leggast fram for formannskapet/kommunestyret for godkjenning.

## 7. Framlegg til vedtak

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til Budsjett 2023/Økonomiplan 2023 – 2026, med dei endringar som kjem fram i FrP/H/KrF/Uavh. sitt budsjettokument.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane:

	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Fellesområde	-3 272 000	12 161 000	20 789 000	23 756 000
Stab	54 849 000	54 549 000	54 549 000	54 549 000
Oppvekst	746 124 000	717 191 000	715 386 000	715 386 000
Helse og velferd	665 135 000	666 789 000	666 789 000	666 789 000
Samfunnsutvikling	60 703 000	53 834 000	49 602 000	47 872 000
Sum	1 523 539 000	1 504 524 000	1 507 115 000	1 508 352 000

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningar drift §5-4 (1A), Bevilgningar drift § 5-4 (1B) og førebels B3 Økonomisk oversikt drift § 5-6. Merknad: Budsjetttramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivinger og renter) vedr sjølvkostonlegg.

3. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse:

Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26 FrP/H/KrF/Uavh

Prosjekt   Prosjekt	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
2020 Klassesett PC	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
2300 Jettegryto barnehage	22 000 000	0	0	0
2596 Lunde barneskule - opprusting	0	0	0	0
2000 Hjelpemiddellager/base heimetenester	40 000 000	18 000 000	0	
2010 Bufelleskap	35 000 000	15 000 000	0	0
3000 Velferdsteknologi	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
6022 Kjøp av utleigebustader	9 000 000	6 000 000		
3810 Microhus	4 000 000	0	0	0
4091 Flaumsikring Langedalsvatnet		0		500 000
4090 Flaumsikring Strandvik			1 500 000	2 500 000
6020 Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
6030 Prosjektering utbyggingsområder	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6040 Uteområde skular/barnehagar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6100 Ombygging kommunale bygg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
5000 Ombygging KommUNETnet	0	0	0	0
7230 Kommunal infrastruktur	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
7220 Industrikai Eikelandsosen	4 000 000	4 000 000	0	0
7244 Kommunal veg Revsåsen	10 000 000	8 300 000	3 000 000	0
7271 Vegkryss Steinneset	0	0	0	500 000
7281 Bru over Oselva	0			1 000 000
7270 Tiltak i trafikkisikringsplan	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
7500 Rullande materiell	2 500 000	7 500 000	2 500 000	2 500 000
<b>Delsum ordinære prosjekt</b>	<b>147 500 000</b>	<b>79 800 000</b>	<b>28 000 000</b>	<b>28 000 000</b>
<b>Prosjekt</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>
9000 Avlaupsprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
8110 VA anlegg ny veg Åsen	10 000 000	20 000 000	10 000 000	0
8000 Vasssprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
<b>Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt</b>	<b>70 000 000</b>	<b>80 000 000</b>	<b>70 000 000</b>	<b>60 000 000</b>
<b>Sum investeringer</b>	<b>217 500 000</b>	<b>159 800 000</b>	<b>98 000 000</b>	<b>88 000 000</b>
	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>
1170 Egenkapitalinnskott KLP	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
1000 Utlån startlån Husbanken	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
1000 Avdrag startlån	10 500 000	11 000 000	11 500 000	12 000 000
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>289 000 000</b>	<b>231 800 000</b>	<b>170 500 000</b>	<b>161 000 000</b>
<b>Finansiering:</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>
9999 Låneopptak investeringar	-139 300 000	-134 100 000	-91 400 000	-80 800 000
9999 Bruk av unyttta lån	-50 000 000	0	0	0
1000 Innlån Husbanken	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000
1000 Mottatte avdrag på utlån	-10 500 000	-11 000 000	-11 500 000	-12 000 000
9999 Mva kompensasjon	-23 700 000	-12 700 000	-4 600 000	-5 200 000
9999 Sal av tomter				
9999 Sal av utleigebustader	-4 500 000	-3 000 000		
9999 Tilskott/refusjon frå private	0		-2 000 000	-2 000 000
9999 Tilskott frå Husbanken	0	-10 000 000		
9999 Tilskott frå fylkeskommunen				
9999 Tilskott frå staten				
9999 Overført frå driftsbudsjettet	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>-289 000 000</b>	<b>-231 800 000</b>	<b>-170 500 000</b>	<b>-161 000 000</b>
<b>Udekket finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5 (2A)og Bevilgningsoversikt §5-5 (2B).

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2023 er kr 189.300.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 189.300.000 i 2023, jfr kommunelova §14-15. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
5. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren vurdere om kommunen har unyttede lånemidlar som kan redusere låneopptaket i 2023.
6. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 60.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
7. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.
8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingsattsar, avgifter og gebyr for 2023 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.
9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr §12 i Forskrift om håndtering av avfall frå Husholdning. Avfallsgebyret tilhøyrer Bjørnafjorden kommune.
10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på renovasjonstenesta for 2023 blir redusert med 1%, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse blir haldne uendra. Kommunalt påslag blir uendra frå i fjor. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhold til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2023».
11. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.
12. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at ev positivt premieavvik i budsjettåret blir sett av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).
13. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at administrasjonen har fullmakt til å bruke fondsmidlar til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref økonomireglementet. Administrasjonen har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.
14. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjetttramman for Kontroll og revisjon blir sett til kr 1.750.000, jfr vedtak frå møte i kontrollutvalet 01.09.2022 i sak PS 36/22 – Budsjett for



kontrollarbeidet i Bjørnafjorden kommune 2023.

15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskøtet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2023 blir sett til kr 15.790.000. Tilskot til Fusa frivillegsentral for 2023 blir sett til kr 766.000.
16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot 2023 til skulebading blir sett til kr 2.515.000, kommunalt tilskot til idrettshall og uteanlegg blir sett til kr 4.695.000.
17. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2023 blir sett til kr 5.889.000.
18. Kommunedirektøren får fullmakt til å kjøpe og selje utleigebustader innnafor dei summene som er sett opp i budsjettet for 2023.
19. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling (se også verbalforslag 6.3 vedr. økonomirapportering til formannskapet).
20. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram ein tiltaksplan snarast råd etter at konsulentselskapet PWC har levert sine rapportar om moglege innsparings- og omstillingstiltak i sektorane.

Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26 FrP/H/KrF/Uavh

	2023	2024	2025	2026
Skatt på inntekt og formue	-884 043 000	-898 043 000	-908 043 000	-918 043 000
Ordinært rammetilskudd	-799 696 000	-809 496 000	-814 496 000	-819 496 000
Skatt på eiendom	0	0	0	0
Andre generelle statstilskot	-56 428 000	-39 568 000	-28 946 000	-28 832 000
<b>Sum Generelle inntekter</b>	<b>-1 740 167 000</b>	<b>-1 747 107 000</b>	<b>-1 751 485 000</b>	<b>-1 766 371 000</b>
Sektor Fellesområde	- 3 272 000	12 161 000	20 789 000	23 756 000
Sektor Stab	54 849 000	54 549 000	54 549 000	54 549 000
Sektor Oppvekst	746 124 000	717 191 000	715 386 000	715 386 000
Sektor Helse og velferd	665 135 000	666 789 000	666 789 000	666 789 000
Sektor Samfunsutvikling	60 703 000	53 834 000	49 602 000	47 872 000
<b>Sum Driftsutgifter per tenestoområde</b>	<b>1 523 539 000</b>	<b>1 504 524 000</b>	<b>1 507 115 000</b>	<b>1 508 352 000</b>
Avskrivninger	111 865 000	113 811 000	115 974 000	115 974 000
<b>Brutto resultat</b>	<b>-104 763 000</b>	<b>-128 772 000</b>	<b>-128 396 000</b>	<b>-142 045 000</b>
Renteinntekter og utbytte	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	119 000 000	124 756 000	125 009 000	123 617 000
Avdrag på lån	107 661 000	109 484 000	110 999 000	111 040 000
Netto kalkulatoriske poster (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Netto kalkulatoriske renter (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Finansutgifter i tenestoområda	0	0	0	0
<b>Sum Netto finansutgifter og inntekter</b>	<b>216 661 000</b>	<b>224 240 000</b>	<b>226 008 000</b>	<b>224 657 000</b>
Motpost avskrivningar i tenestoområda	- 111 865 000	- 113 811 000	- 115 974 000	- 115 974 000
<b>Netto resultat</b>	<b>33 000</b>	<b>-18 343 000</b>	<b>-18 362 000</b>	<b>-33 362 000</b>
Til ubundne avsetninger	22 467 000	17 343 000	17 362 000	32 362 000
Bruk av ubundne avsetninger	-23 500 000	0	0	0
Overført til investering	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar	0	0	0	0
<b>Sum Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar</b>	<b>-33 000</b>	<b>18 343 000</b>	<b>18 362 000</b>	<b>33 362 000</b>
<b>Årsoverskot / underskot</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>